

## **Referat frå Bibliotekarforbundet i Møre og Romsdal sitt årsmøte 2.mars 2016**

Møtet vart halde i Vestnes fjordhotel i Vestnes 2. mars frå kl 1530. 8 medlemmer var tilstades.

Før møtet fekk oppmøtte medlemmer servert varm mat

Leiaren ønskte velkomen. Alle medlemmane fekk tekstmelding frå leiaren om dato for årsmøtet den 27. januar 2016. Formell innkalling med møtedokument vart sendt på mail den 23. februar 2016.

Møteinnkalling vart godkjent.

Madelen Ramsøy vart valt til møteleiar og leiaren til å skrive referat.

Følgjande saker vart så behandla:

### **Årsmelding.**

Møteleiaren las årsmeldinga og leiaren kommenterte medlemstallet. Meldinga vart så godkjent .

### **Budsjett og aktivitetsplan.**

Møteleiaren refererte virkeplanen for 2016. Leiaren kommenterte aktiviteten som sittande styre har presentert som i hovudsak er å forhandle lønn for medlemmane og at budsjettet spegla dette. Leiaren sa også at om det nye styret vil auke aktiviteten kan det søkeast om utvida økonomisk ramme i løpet av året.

### **Innkomne saker.**

Ingen saker var komt inn. Her refererte leiaren Bibliotekarforbundet sine kurs for tillitsvalgte og oppmoda spesielt det nye styret å melde seg på styrekurs 13. og 14. april.

### **Val**

Hilde Alvestad referte komiteen sitt forslag til styre. Møtet valgte så slikt styre med klapp:

Claus Christian Hansen – leiar (ny)

Ellen Lillestøl - styremedlem (ikkje på val)

Hilde Gjessing – styremedlem (ny)

Kari Nesdal – vara (attval)

Marit Gravem Stølen – vara (attval)

Valkomite (frå styret):

Hilde Alvestad – valkomite (gjenvæl)

Ann -Mari Harkjerr – valkomite (gjenvæl)

Karin Almås – varamedlen

Vidar Kursetgjerde (referent)